



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 04.11.2015  
**Tid:** 09:00 – 14:40

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

## Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

## Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og utvikling
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef

På informasjonsmøtet om budsjett kl. 09:00 – 14:00 møtte ovannemnde, pluss utvalsleiarar Grete Marit Veka Maraas (oppvekst og omsorg) og Torstein Grimen (plan og miljø), og gruppeleiar i KRF Harald Rydland. Møtet i formannskapet vart sett kl. 14:00. Vedtak i budsjettsaka vart gjort i formannskapet.

  
Wenche Tislevoll  
Ordførar

Dagfinn Brekke

Agnar Aarskog

  
Bente Fitjar  
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 89/15	Godkjenning av protokoll	
PS 90/15	Meldingar	
PS 91/15	Budsjett 2016 og økonomiplan 2016 - 2019	
PS 92/15	Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet	
PS 93/15	Søknad om justering av takst- og rabattordninga for Bømlopakken	
PS 94/15	Ymse	

Ny sak PS 93/15 sendt på iPad 03.11.15.

Representanten Sigurd Andreè Maraas (FRP) stilte spørsmål om saker kan sendast ut etter at innkalling er sendt?

Innkalling og sakliste godkjent med denne merknaden.

## **PS 89/15 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 90/15 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

Meldt i møtet:

Notat vedk. planstrategi

Orienteringar frå rådmann Atle Tornes:

#### Flyktningar

Henvending frå Hoff Eigedom vedk. mottak for einslege mindreårige flyktningar. Området er ikkje regulert til bustadføremål, som gjer at det vil vera tidkrevjande å få på plass eit slikt tilbod.

Formannskapet drøfta saka. Fitjar kommune er negativ til ei omregulering av Årskog industriområde for å leggja til rette for eit mottak for 50-60 personar.

Ordføraren oppmoda formannschaftsmedlemmene som dei øvste politiske representantane i Fitjar kommune om å leggja til rette for ein debatt og eit ordskifte i sosiale media som ikkje fremjar framandfrykt og rasisme.

Formannskapet er positiv til å ta imot ein flyktningfamilie til i år.

#### Helsetenter

Rådmann orienterte om dei ulike alternativa. Ordførar og rådmann følgjer opp alternativ ved Fitjar vidaregåande skule med Hordaland fylkeskommune.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 91/15 Budsjett 2016 og økonomiplan 2016 - 2019**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale.

#### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

Rådmannen la fram framlegg til budsjett for 2016, og gjekk gjennom sektorane i kommunen. Utvida formannskap drøfta budsjettframlegget.

Brev frå Dåfjorden velforening vedk. vegljøs vert sendt til utval for plan og miljø til deira budsjetthandsaming.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare. Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare innafør eige budsjett.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare. Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare innafør eige budsjett.

### **PS 92/15 Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet**

#### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

1. Fitjar kommunestyre seier opp avtalen mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet.
2. Rådmannen får fullmakt til å lyse sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod, eventuelt i samarbeid med nabokommunar. Kommunestyret tek avgjerd om val av leverandør.

#### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

Rådmann Atle Tornes presiserte at saka skal sendast til kommunestyret, og at formannskapet skal tilrå eit vedtak til kommunestyret.

#### **Tilråding: (Samrøystes)**

1. Fitjar kommunestyre seier opp avtalen mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet.

2. Rådmannen får fullmakt til å lyse sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod, eventuelt i samarbeid med nabokommunar. Kommunestyret tek avgjerd om val av leverandør.

## **PS 93/15 Søknad om justering av takst- og rabattordninga for Bømlopakken**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune har ikkje merknader til søknaden frå Bømlø Vegselskap as om auke i bompengesatsane, og endring av timesregelen, frå 1. januar 2016, slik den ligg føre.

### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

Ordføraren spurde om formannskapet ville handsama saka i dette møtet, sjølv om saka vart sendt ut seint (dagen før møtet). Formannskapet ynskte å handsama saka i dette møtet.

### **Vedtak: (4 mot 1 røyst (FRP))**

Som framlegg.

## **PS 94/15 Ymse**

### **Behandling i Formannskapet - 04.11.2015:**

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

- Brev frå LNVK – årsmøte 2015 vert halde via epost

Formannskapet drøfta starttidspunkt for møta framover. Ordføraren kjem attende med tidspunkt i møteplan for 1. halvår 2016.

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H): Status for endring av reguleringsplan Midtfjellet, som gjeld asfaltering av vegar?

Svar frå konst. leiar for plan og utvikling Torgeir Steien:

Endringar som kom inn etter høyring er nå lagt inn, og planen blir lagt ut til offentleg ettersyn i veke 46.

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H): No er arbeidet i gong med oppgradering av tilførselsvei til Kvedno. Har det noko føre seg å samstundes leggja ledningar for vatn og avløp til Breiavikjo?

Svar frå rådmann Atle Tornes: ein kan ikkje sjå at det er synergi her, slik ein no ser saka.

Innspel frå representanten Agnar Aarskog (AP): Budsjettframlegget frå rådmannen som gjeld stønad til FKIB er ikkje akseptabelt.